

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2016



Nøkkelfakta om Skjåk Energi

- Etablert i 1919
- 17 årsverk
- Innmata mengde i nettet 53 GWh
- 2054 nettkundar
- Disponibel mengde kraft 123 GWh
- Omsetning på 56 millionar kroner



VÅR VISJON

*Saman skapar
vi verdier for
bygda vår!*

VÅRE VERDIAR

*Pålitelege,
framsynte,
ha pågangsmot
og humør*



INNHALD *(klikkbar meny)*

Om Skjåk Energi	2
Kommentarer	6
Årsmelding frå styret	8
Økonomiske nøkkeltal og hovudtal	12
Samfunnsrekneskap	13
Resultatrekneskap	14
Balanse	15
Kontantstraumanalyse	17
Notar til rekneskapet	18
Melding frå revisor	30

Kommentarar

Eigaren av Skjåk Energi, Skjåk kommune, har vore tydelege på at dei ynskjer å satse på utbygging av infrastruktur i Skjåk. Derfor har det vore satsa mykje på utbygging av fiber i bygda. Målet, som vart sett hausten 2013 i strategiplanen til Skjåk Energi, er at 80 % av dei fastbuande skal ha tilgang på fiber innan fem år. I 2016 har områda i Nordberg stått for tur, og vi er godt i rute for å nå målet vårt.

Det har vore endringar i energibransjen i fleire år og enda fleire vil koma i åra framover. Både Elhub (nasjonal løysing for informasjonsutveksling i straummarknaden) og NBS (Nordisk modell for balanseavrekning) kravde ressursar hos oss i 2016. Vi er svært tilfredse med at vi i 2016, har klart å nå alle delmåla til desse to store prosjekta innan fristane.

Det er viktig for oss å sjå framover nå. I den vedtekne strategiplanen frå 2013, står det at Skjåk Energi skal vere ei framtidretta energiverksemd med moderne løysingar tilpassa kundane våre. Vi skal ha ressurseffektiv drift og god økonomi. I 2017 skal strategien til Skjåk Energi opp til ny behandling. Nå må vi tenkje på kva for måtar elverket kan utvikle seg vidare på og om det er andre forretningsområder vi skal satse på.

Vi er i gang med å planlegge korleis Skjåk Energi skal vere best mogleg rusta og organisert for framtida. Myndighetene, med NVE og OED i spissen, har lagt strenge føringar for korleis nettselskapa skal organiserast. Kravet om nøytrale nettselskap, med både skilje på selskap og funksjonar, vil føre til mange ekstra kostnader og byråkrati for vår bransje. Vi må sjå på tiltak som kan skape ei meir effektiv nettdrift. Det er også viktig å samarbeide meir med andre elverk.


Skattesystemet for vasskraft fører til at kommunen risikerer at attraktive og lønnsame investeringar ikkje vert sett i gang. Det er sett søkelys på det grøne skiftet, men likevel klarte regjeringa å leggje fram forslag hausten 2016 om at satsen for grunnrenteskatt skulle høgast med 1,3 prosentpoeng for 2017. Frå 2015 til 2016 vart satsen høgda med 2 prosentpoeng. Skattlegginga av grøn kraft har vorte skjerpa dei siste åra og er ikkje i samsvar med eit grønt skattesifte. For Skjåk Energi er dette ei stor belastning. Elverket skattar for delar av dei tre kraftverka som ligg i Skjåk, Øyberget, Framruste og Skjåk 1. Av ein total skattekostnad på 4,3 millionar i 2016, utgjør grunnrenteskatt 3,3 millionar kroner.

Glasopor AS er ei nytenkjande bedrift som produserer glasopor av 100 % resirkulert glasemballasje samla inn frå hushaldningar i heile Noreg. Fabrikken gjekk over frå å bruke gass til straum i produksjonen i mai 2016. Dette var eit stort og spanande prosjekt og Glasopor AS har nå null utslepp av CO₂ frå fabrikken i Bismo. I tillegg til dei store og viktige tiltaka for miljøet, vil overgangen til straum føre til lågare nettleige for nettkundane i Skjåk.

Skjåk Energi nærmar seg 100 år. I samband med det føreståande 100-årsjubileet er arbeidet med å skrive jubileumbok om elverket gjennom 100 år, i gang. Det har vore mykje krafthistorie i Skjåk frå den spede start i 1919 og fram til nå med fleire kraftutbyggingar. Den største kraftutbygginga var Øvre Otta-utbygginga på fyrsten av 2000-talet.

Resultatet i 2016 vart svært bra. Eg vil rette ein stor takk til dei tilsette, som er hardtarbeidande, fleksible og dyktige. Vi skal møte framtida med ei offensiv haldning og ta vare på dei verdiane vi er sett til å forvalte på ein best mogleg måte. Saman med eit godt fungerande styre og ein framsynt eigar vil dette lykkast.

Tordis Brandsar, konst. elverksjef



**«Skjåk Energi skal vere ei
framtidretta energiverksemd
med moderne løysingar
tilpassa kundane våre.»**

Melding frå styret

Verksemda

Skjåk Energi KF er lokalisert i Skjåk og er eit kommunalt føretak eigd av Skjåk kommune. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk kraftverk, vart etablert i 1919.

Energiverket står for distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile kommunen, samt dei delar av tunnelanlegga på riksveg 15 Skjåk – Stryn som ligg i Stryn. Skjåk kommune har stedsevarande rettar i Øvre Otta DA og kraftverket Skjåk 1, som Skjåk Energi disponerer for kommunen.

I tillegg har elverket engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk.

Vår visjon

Saman skapar vi verdiar for bygda vår.

Våre verdiar

Pålitelege, framsynte, pågangsmot og humør.

Forretningsidé:

Vi skal vere ein framtidretta verdiskapar med kundretta verksemd innan fornybar energi, infrastruktur, smartstraum og tilknytte tenester innan marknaden vår.

Samansetjing av elverkestyret 31.12.2016:

Styret består av fem medlemmer, blant desse ein representant for dei tilsette.

Bjørn Dalen (leiar)

Per Morten Lindsheim (nestleiar)

Astrid Gjertsen

Sissel Brenna

Lena Teigum (valt av dei tilsette)

Det har vore 7 styremøte i 2016 og styret har handsama 22 saker gjennom året.

Likestilling

Ved utgangen av året hadde bedrifta 17 fast tilsette og ein lærling, 4 kvinner og 14 menn. Arbeidstid og løn er rettvist fordelt mellom kjønna. Personalpolitikken vert rekna for å vere kjønnsnøytral på alle områder.

Styret har 5 medlemmer, 2 menn og 3 kvinner.

Generelt sett er det få kvinner i kraftbransjen. Det er ikkje gjennomført spesielle likestillingstiltak gjennom året.

Arbeidsmiljø og personale


Skjåk Energi hadde 17 fast tilsette pr. 31.12.2016, som utgjer 16,5 årsverk.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i bedrifta som godt. Skjåk Energi følgjer dei forskrifter for internkontroll som

er pålagt. Lovpålagde kurs i eltrygging, førstehjelp og nedfiring er utført i 2016. Det er lagt opp interne retningslinjer og ansvarsfordeling for å få regelmessig oppdatering, oppfølging og framdrift. Bedrifta er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste.

Det har ikkje vore ulykker i samband med utføring av arbeid i 2016.

Samla sjukefråvær i 2016 var 5,72 % mot 7,06 % i 2015. Eigenmeldt sjukefråvær har vore på 1,39 %. Totalt sett er sjukefråværet ennå for høgt, men det er ein nedgang frå 2015.



Ytre miljø

Bedrifta driv ikkje verksemd som forureinar det ytre miljøet. Farlege stoff og spesialavfall vert teke vare på og innlevert. Kjeldesortering av alle type restprodukt ved elverket er innført, og all avfallbrenning er forbode. Restprodukt og olje blir oppsamla og forureinar ikkje miljøet.

Kraftomsetnad


Totalt disponerte Skjåk Energi ei kraftmengde på 122,8 GWh i 2016. I 2015 var denne mengda 116 GWh. Sal av kraft til sluttbrukarar i Skjåk var på 46,98 GWh i 2016. Dette utgjer ein gjennomsnittleg marknadsdel på 92 % av kraftkundane i Skjåk.

Skjåk kommune har ein stedsevarande rett på 7 % i Øvre Otta DA og 16,5 % av kraftverket Skjåk 1. Skjåk Energi disponerer desse rettane på vegne av Skjåk kommune. Delane er innarbeidd brutto i rekneskapen for Skjåk Energi og elverket svarar for overskotsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt.

Overføringsverksemd

Total inntektsramme for 2016 var 17,919 millionar kroner. Dette er ein auke på 5 % frå 2015, då inntektsramma var 17,038 millionar kroner. Skjåk Energi hadde inntekter frå nett på kr 22,042 millionar i 2016, som er ei auke på 11 % samanlikna med 2015, då nettinntektene var 19,849 millionar kroner. Bokført mindreinntekt pr. 31.12.2016 er på 3,2 millionar kroner.

Det vart målt 52,9 GWh inn på nettet i 2016. Totalt



distribuert mengde hos sluttbrukar var 50,8 GWh i 2016. Nettapet var på 2,1 GWh, som utgjer 4,0 % av mengde mata inn på nettet.

Totalt har det vore 27 utkoplingar og driftsforstyringar i 2016, i 2015 var talet 30. KILE (kompensasjon for ikkje levert energi) i 2016 var på 0,186 millionar kroner. Kostnaden i 2015 var på 0,292 millionar kroner. Dette er ein nedgang på 36 %.

Gjennom 2016 har det vore fokus på kostnadseffektiv drift og prioritere dei rette investeringane. Det har vore arbeid med bygging og isolering av høgspennetnett og kabelnett, prioritering og oppfølging av tilstandskontroll. Deler av høgspennetnettet har vore bygd om til spolejordet nett og det har vorte tilrettelagt omlegging frå gass til straum i produksjonen hos Glasopor AS. Det vart bygd straumforsyning til setrene ved Framruste. Hurtiglade-stasjon for Tesla vart sett i drift på slutten av året.

Det lokale eltilsyn (DLE)

Krav til DLE er fastsett med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr, § 9, og DSB si plikt til å føre kontroll med DLE si verksemd. Kostnadar til DLE er inkludert i inntektsramma for nettselskapet, fastsett av NVE, og er følgjeleg ei teneste som kundane til nettselskapa betaler for. Tilsynsplanen bestemmer minstekravet til DLE si verksemd. Alle funn som blir registrert under kontrollane ute hos kundane, blir rapportert til DSB sentralt. Tilsynsplanen legg føringar og prioriteringar for dei satsingsområda som er viktige. Etter godkjent tilsynsplan for 2016 skulle det gjennomførast 105 kontrollar, totalt vart det gjennomført 202 kontrollar.

DLE har i 2016 vore med på Aksjon bustadbrann og Brannvernveka i samarbeid med brannvesenet. Av andre tiltak vart det arrangert tur for 7. og 10. klassane i Skjåk til Energisenteret på Hunderfossen.

Breiband

Skjåk Energi har brukt mykje ressursar på å bygge ut fiber i Nordberg i 2016. Det vart bygd ferdig stamnettet for fiber og nodehus vart montert i løpet av året. Dei fleste av fiberkundane har signert avtaler for FTH (fiber til heimen) i Nordberg med Eidsiva Bredbånd AS. Desse vil bli koplå til fibernettet i 2017.

Økonomi

Driftsresultatet på 12,1 millionar kroner i 2016 er 0,3 millionar kroner betre enn fjoråret. Driftsinntekter for 2016 er 2,8 millionar kroner lågare enn budsjett og 4,1 millionar kroner høgare enn fjorårstala. Hovudårsaka til reduksjon i omsetning, samanlikna med budsjett, er noko lågare inntektsramme enn venta og noko lågare spotprisar. Driftskostnader er heilt i tråd med budsjett og 3,8 millionar kroner høgare enn fjoråret. Hovudårsaka til at kostnadane i 2016 er høgare enn fjoråret er vedlikehald av uteområdet rundt administrasjonsbygget til elverket. Vi har hatt kostnader i samband med planlegging av skilje på selskap og funksjon. Resultatrekneskapet viser pr. 31. desember eit overskot på 8,1 millionar kroner før skatt, som er 3,1 millionar kroner lågare enn budsjettet overskot før skatt for 2016. Overskot før skatt er om lag likt med fjoråret.

Resultat etter skatt er på 3,8 millionar kroner, som er 1,7 millionar kroner lågare enn 2015. Hovudårsaken til nedgangen i resultat samanlikna med 2015, er auka grunnrenteskatt i 2016.

Netto finanskostnader på 4,1 millionar kroner inkluderer 3,7 millionar kroner i renter på ansvarleg lån til eigar. Skjåk Energi har ansvarlege lån hos eigar på til saman 98,2 millionar kroner. Likviditet til elverket vert vurdert som svært tilfredsstillande og evna til å eigenfinansiere investeringar er god. All kortsiktig gjeld pr. 31.12.2016 kan løysast inn med dei mest likvide midlane. Eigenkapitaldelen er på 33 prosent, ein nedgang på 3 prosentpoeng frå 2015.

Framtidig utvikling

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt.

Finansiell risiko

Styret har godkjent ein strategi for prissikring. Så lenge desse instruksane vert følgde, vurderer styret at den finansielle risikoen er avgrensa og innanfor den økonomiske tåleevne til elverket.

Marknadsrisiko

Sjå note 2.

Kredittrisiko

Tidlegare historikk viser at denne risikoen er låg, då det har vore lite tap på fordringar.

Renterisiko

Skjåk Energi er utsett for renterisiko både når det gjeld lån hos eigarkommunen og for kapitalplasseringane.

Inntektsrammeregulering vert også påverka av rentendringar.

Likviditetsrisiko

Elverket er kredittverdig med ein god soliditet. Det vert vurdert å vere liten risiko for at bedrifta ikkje får tilført likviditet ved behov.

Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfester at føresetnad framleis er til stades. Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsåret sin slutt som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av rekneskapet.

Resultatdisponering

Den framlagte resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gjev etter styret si oppfatning eit rettvis bilete av bedrifta sine eigedelar og gjeld samt finansielle stilling og resultat. Rekneskapen viser eit overskot etter skatt på kr 3 769 343 for Skjåk Energi.

Den økonomiske situasjonen til Skjåk Energi vert vurdert som solid nok til at det kan takast 6,1 millionar kroner frå eigenkapital til å dekke eigaruttak på 9,9 millionar kroner. Frå 2017 er det forhandla fram redusert eigaruttak, slik at eigenkapitalen ikkje vert ytterlegare redusert.

Styret sitt forslag til disponering av overskotet for 2016 på kr 3 769 343 er:

Eigaruttak	kr	9 900 000
Overført frå eigenkapital	kr	6 130 657

Skjåk, 24. mai 2017



Bjørn Dalen
styreleiar




Per Morten Lindsheim
nestleiar




Astrid Gjertsen
styremedlem



Lena Kristina Teigum
styremedlem



Sissel Brenna
styremedlem



Tordis Brandsar
konst. elverksjef



Økonomiske nøkkeltal for Skjåk Energi

Tal i heile tusen kroner	2016	2015	2014	2013	2012
Omsetnad	56 468	52 328	56 032	59 097	52 942
Driftsresultat	12 133	11 768	13 766	13 786	7 102
Resultat før skatt	8 063	8 272	15 523	8 066	999
Resultat etter skatt	3 769	5 464	10 160	4 792	-2 098
Eigenkapital	56 248	61 656	78 710	76 187	69 644
Netto driftsmargin	21,49 %	22,49 %	24,58 %	23,33 %	13,41 %
Resultatgrad	15,35 %	16,57 %	18,03 %	14,94 %	1,99 %
Kapitalens omløpshastigheit	0,33	0,29	0,29	0,32	0,28
Totalrentabilitet	6,83 %	6,57 %	7,75 %	8,07 %	4,30 %
Eigenkapitalrentabilitet	13,68 %	11,79 %	12,30 %	11,06 %	1,39 %
Likviditetsgrad 1	2,61	3,75	4,01	4,52	4,22
Likviditetsgrad 2	2,53	3,62	3,92	4,43	4,09
Eigenkapitalandel	32,83 %	35,79 %	40,88 %	39,92 %	38,35 %
Gjeldsgrad	2,05	1,79	1,45	1,50	1,61

Definisjonar:

Netto driftsmargin = Driftsresultat i prosent av driftsinntekter

Resultatgrad = resultat før skatt + finanskostnadar/omsetnad

Kapitalens omløpshastigheit = omsetnad/gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabilitet = driftsresultat + finansinntekter/gjennomsnittleg totalkapital

Eigenkapitalrentabilitet = resultat før skatt/gjennomsnittleg eigenkapital

Likviditetsgrad 1 = mest likvide omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 2 = omløpsmidlar/kortsiktig gjeld

Eigenkapitalandel = eigenkapital i prosent av totalkapital

Gjeldsgrad = (Kortsiktig gjeld + langsiktig gjeld)/sum eigenkapital

Hovudtal for Skjåk Energi

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Tal på tilsette per 31.12							
Heiltidstilsette	16	16	15	15	16	17	17
Deltidstilsette	1	1	1	1	1	1	1
Årsverk	16,5	16,5	15,5	15,5	16,5	17,5	17,5

Data for overføringsnettet


22kV leidning	km	133	133	135	139	139	139	140
22kV kabel	km	47	46	45	42	41	40	40
Lågspent, leidning	km	148	148	149	152	153	153	155
Lågspent, kabel	km	135	133	127	121	120	119	117
Fordelings- transformatorar, tal	stk.	205	202	201	198	197	196	196
Fordelings- transformatorar, yting	kVA	36 250	33 725	33 450	33 000	32 015	31 750	31 510

Samfunnsrekneskap og sosialt ansvar

Skjåk Energi bidreg direkte og indirekte til ein betydeleg verdiskaping i samfunnet. Det sosiale ansvaret til elverket omfattar fyrst og fremst medarbeidarane våre. Vi legg stor vekt på at Skjåk Energi skal vere ein god arbeidsplass, der dei tilsette kan føle at dei utviklar seg og arbeider i eit positivt miljø. Dette har også stor betydning for rekruttering til elverket. Skjåk Energi støtter opp om barne-, ungdoms- og idrettsarbeid. Dette er gode formål vi fortsatt skal syne merksemd.

For Skjåk Energi er det viktig å vise medarbeidarane at elverket er godt integrert i det samfunnet vi lever i, og at vi er eit sosialt ansvarleg elverk som bidreg positivt både i bransjen og i lokalmiljøet i Skjåk.

Støtte blir gjeve både som arbeidskraft, utstyr og/eller pengar. Skjåk Energi er bevisst på å bruke lokale leverandører ved kjøp av varer og tenester.



Den direkte verdiskapinga er (beløp i kroner):

Skatt på bedrifta si inntekt	4 293 743
Skatt på inntekt – egne tilsette	3 892 239
Sponsing av lokale lag og arrangement	91 098
Arbeidsgjevaravgift	1 588 088
Renter og eigaruttak Skjåk kommune	13 570 000
Forbruksavgift	6 235 464
Avgift til Enova	565 990
Meirverdiavgift, netto utbetalt	9 183 494
Eigedomskatt	40 161
Sum direkte verdiskaping i 2016	39 460 264

Etiske retningslinjer

Skjåk Energi har utarbeidd egne grunnverdiar og etisk verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtferd som er forventa av den einskilde medarbeidar. Desse skal følgjast av alle tilsette for å ivareta omsynet til sosiale forhold, samfunn og miljø. Varsling av mistanke eller kjennskap til brot på etiske retningslinjer skal gjerast slik som Varslingsplakaten beskriv, der varslaren også kan vera anonym.

Resultatrekneskap

	Note	2016	2015
Driftsinntekter og driftskostnader			
Energisal		32 496 711	30 233 013
Overføringsinntekter	13	19 978 036	19 641 900
Gevinst ved sal av driftsmidler		140 080	400
Leieinntekter		395 189	398 016
Anna driftsinntekt	12	3 457 417	2 054 492
Sum driftsinntekter	9	56 467 433	52 327 821
Driftskostnader			
Energikostnader		7 847 762	7 197 891
Overføringskostnader		3 569 529	3 205 118
Lønekostnad	3, 4	14 921 079	14 695 660
Ordinære avskrivningar	12, 16	5 674 518	6 103 488
Andre driftskostnader	12, 17, 18	12 318 718	9 296 453
Tap på fordringar		2 996	46 715
Tap ved avgang driftsmidler		0	14 480
Sum driftskostnader		44 334 601	40 559 806
Driftsresultat		12 132 831	11 768 016
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		283 566	885 644
Annen finansinntekt		21 015	13 504
Renter ansvarleg lån	8	3 670 000	3 670 000
Annan rentekostnad		940	41 077
Annan finanskostnad		703 399	684 195
Resultat av finansposter		-4 069 758	-3 496 123
Ordinært resultat før skattekostnad		8 063 073	8 271 892
Skattekostnad på ordinært resultat	14	4 293 730	2 808 079
Resultat i året		3 769 343	5 463 813
Opplysningar om:			
Eigaruttak		9 900 000	9 900 000
Overført frå annan eigenkapital		6 130 657	4 436 187
Sum overføringar		3 769 343	5 463 813

Balanse eigedelar

	Note	2016	2015
Eigedelar			
Anleggsmiddel			
Utsett skattefordel	1, 14	1 703 245	1 846 384
Sum immaterielle eigedelar		1 703 245	1 846 384
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar o.a. fast eigedom		7 701 803	7 828 674
Anlegg under arbeid		1 800 240	414 025
Anleggsmiddel deleigde verk	12	71 281 119	73 819 420
Distribusjonsanlegg	16, 17	23 146 729	23 033 231
Transportmiddel	16, 17	1 891 350	2 324 567
Driftslausøyre, inventar og liknande	16, 17	2 769 607	2 383 695
Televerksemd	16, 17	297 092	1 323 842
Sum varige driftsmiddel		108 887 940	111 127 454
Finansielle driftsmiddel			
Investeringar i aksjar og delar	7	8 677 114	7 041 576
Obligasjonar og andre fordringar	4, 11	11 079 638	8 681 406
Sum finansielle anleggsmiddel		19 756 752	15 722 982
Sum anleggsmiddel		130 347 937	128 696 820
Omløpsmiddel			
Lager			
Reservemateriell	6	1 213 731	1 479 831
Sum lager		1 213 731	1 479 831
Fordringar			
Kundefordringar		13 416 207	10 986 018
Omløpsmiddel deleigde verk	12	877 763	363 143
Andre kortsiktige fordringar		2 662 091	2 267 929
Opptent mindreinntekt	11, 13	3 107 885	4 985 000
Sum fordringar		20 063 947	18 602 090
Bankinnskot, kontantar o.l.	5	19 704 152	23 470 211
Sum omløpsmiddel		40 981 829	43 552 132
Sum eigedelar		171 329 766	172 248 952

Balanse egenkapital og gjeld



	Note	2016	2015
Eigenkapital og gjeld			
Opptent egenkapital			
Annan egenkapital	1, 15	56 247 771	61 656 470
Sum opptent egenkapital		56 247 771	61 656 470
Sum egenkapital		56 247 771	61 656 470
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	4	1 148 199	739 673
Sum avsetning for forpliktingar		1 148 199	739 673
Annan langsiktig gjeld			
Ansvarleg lån Skjåk kommune	8	98 224 805	98 224 805
Sum annan langsiktig gjeld		98 224 805	98 224 805
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 361 915	909 579
Skyldig skatt	14	4 150 630	2 762 482
Skyldig offentlege avgifter og andre trekk		7 706 841	6 066 653
Anna kortsiktig gjeld	8	1 489 605	1 889 290
Sum kortsiktig gjeld		15 708 990	11 628 004
Sum gjeld		115 081 994	110 592 482
Sum egenkapital og gjeld		171 329 766	172 248 952

Skjåk, 24. mai 2017


Bjørn Dalen
styreleiar

Per Morten Lindsheim
nestleiar

Astrid Gjertsen
styremedlem

Lena Kristina Teigum
styremedlem

Sissel Brenna
styremedlem

Tordis Brandsar
konst. elverksjef

Kontantstrømanalyse

	Note	2016	2015
KONTANTSTRØMER FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR			
1)Avstemming			
Resultat før skattekostnad		8 063 073	8 271 892
- Betalt skatt i perioden	14	-4 293 743	-2 808 079
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel	16	-140 080	14 080
+ Ordinære avskrivningar	16	5 674 518	6 103 488
+/- Endring i varelager	6	266 100	-94 831
+/- Endring i kundefordringar		-2 434 116	201 684
+/- Endring i leverandørgjeld		1 469 596	-943 548
+/- Effekt av valutakursendringar		-655 655	-618 812
+/- Endring i andre tidsavgrensingsposter		1 142 747	3 072 984
= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 1)		9 092 440	13 198 858
KONTANTSTRØMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR			
- Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel	16	1 326 543	3 461 325
- Utbetalingar ved kjøp av aksjar og deler i andre føretak		1 500 000	3 613 312
- Utbetalingar ved kjøp av andre investeringar		131 956	76 432
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar		-2 958 499	-7 151 069
KONTANTSTRØMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR			
- Utbetalingar av utbytte		-9 900 000	-9 900 000
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		-9 900 000	-9 900 000
= Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-3 766 059	-3 852 211
+ Beh. av kont. Og kontantekvivalentar ved starten av perioden		23 470 211	27 322 422
= Beh. av kont. og kontantekvivalentar ved slutten av perioden		19 704 152	23 470 211

Notar til rekneskap og balanse

Note 1 – Generelle rekneskapsprinsipp

Årsoppgjeret til Skjåk Energi er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av kraft/varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved utføring.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar, som vert betalt tilbake innan eit år, er klassifisert som omløpsmiddel. Tilsvarande kriterium er lagt til grunn ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrivne ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld blir ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrivne opp til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler og er gjort greie for nedanfor.

Kraftkontraktar – nærståande partar

Frå eigaren, Skjåk kommune, disponerer elverket ei kraftmengde på totalt 122,8 GWh i 2016, i 2015 var denne mengda 116,5 GWh. Totale overføringar frå Skjåk Energi til eigar i 2016 er på 13,57 millionar kroner.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

Andre anleggsaksjar og delar

Anleggsaksjar og mindre investeringar i ansvarlege selskap og kommandittselskap, der Skjåk Energi ikkje har betydeleg innverknad, skal førast i balansen til kostpris. Investeringane blir skrivne ned til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotsutdelingar frå selskapa vert ført som annen finansinntekt.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og netto salsverdi. For råvarer og varer i arbeid er det rekna netto salsverdi til salsverdien av ferdig tilverka varer redusert for attståande tilverkingskostnader og salskostnader.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for resten av kundefordringar gjort ein uspesifisert avsetnad for å dekke mogleg tap.

Valuta

Balansepostar i utanlandsk valuta er vurdert til balansedagen sin kurs.

Pensjonar

Skjåk Energi sitt pensjonsansvar er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktinga er ført som gjeldspost i balansen og endring gjennom året er resultatført. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

Endring av rekneskapsprinsipp og tidlegare år sine feil

Som hovudregel vert resultat av endring av rekneskapsprinsipp og tidlegare år sine feil ført direkte mot eigenkapital.

Ekstraordinære inntekter og kostnader

Inntekter og kostnader kan berre klassifiserast som ekstraordinære når dei, ut frå føretaket sine spesifikke forhold, er både uvanlege, ujamne og vesentlege, jamfør NRS 5.

Vassmagasinbeholdning

I samsvar med etablert praksis i kraftforsyninga er ikkje magasinbeholdning for deleigde verk teke med i balansen. For informasjon om magasinbeholdning i deleigde verk, sjå note 10. Gjeld følgjande verk; Øvre Otta DA og Opplandskraft DA

Segmentinformasjon

Selskapet si verksemd omfattar omsetnad av kraft, deleigde verk; Øyberget kraftverk, Framruste kraftverk og Skjåk 1 kraftverk, drift av distribusjonsnett, televerksemd og anna verksemd som hovudsakleg er utleige av lokale, jf. Note 9.

Overføringsverksemd

Kvart år vedtek NVE inntektsrammer for nettselskapa og kor mykje kvart einskild selskap kan inntektsføre som nettleige. Dersom dei faktiske nettleigeinntekter etter fakturering blir lågare, blir differansen bokført som mindreinntekt, det vil seie at nettselskapet har til gode nettleige hos kunden. Blir faktiske nettleigeinntekter høgare, blir differansen bokført som meirinntekt og kunden har til gode hos nettselskapet, jf. Note 13.

Skatt

Overskotsskatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar både perioden sin betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 24 % for 31.12.2016 og 25 % for 31.12.2015 på grunnlag av midlertidige forskjellar som er mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessige underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Skatteaukande og skattereduserande midlertidige skilnader som vert reversert eller kan reverserast i same periode er utlikna og nettoført.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein skatt som er uavhengig av overskotet og vert utrekna på grunnlag av det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er sett til 1,3 øre/kWh for 2016.

Naturressursskatten kan utliknast mot overskotsskatten. Eventuell ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter til seinare år og inngår som ein del av grunnlaget for berekning av utsett skattefordel. Naturressursskatt til framføring vert rekneskapsført som forskotsbetalt skatt og vert klassifisert som utsett skattefordel.

Grunnrenteskatt

